

KRONIKK

NS-barna og togna

107448

I gamle dagar slutta krigane nær dei slutta. Ikke så for NS-familiane og etterkomarane deira sidan Tysklands kapitulasjon i 1945. For dei er Noregs krig enno ikkje slutt. Temaet for den vesle boka «Gutten fra Gimle. Et NS-barns beretning» (Aschehoug) av Eystein Eggen, er den sjølv-pålagde togna i desse miljøa gjennom snart eit halvt hundre år. Stor-Noreg trong ein nasjonalvikar å skulde på for eigne forsømingar for 9. april og okkupasjonen.

Quisling og den vesle flokken hans stod lagleg til for denne rull. Slik slapp alle på «rett side» å ta oppgjeret med seg sjølv, vi slo oss på vårt bryst og triumferte med Roosevelt, «Look to Norway!». Snart veks vi heilt inn i himmelen, no vi skal feire 50-årsminnet om at «seier'n er vår!»

Ikkje-tema

Eggen, fødd i Quislings bustad GIMLE i 1944, hugsar ikkje krigen. Likevel har samanbrotet, og NS' skuld vore med han heile livet. Paradokset er berre at NS samstundes har vore eit ikkje-tema, som har blitt til mange ulukke. Som sigøynarar har dei vore på evig vandrings. Og gjorde dei det sjølv ikkje kjent at dei var landssvikaarar, slik Stor-Noreg definerte dei, gjorde andre det. Då Eystein fekk sin første kjæreste, Marit, fekk Marits mor vite om Eysteins bakgrunn. Kusina til mora var nemleg sossialkurator og kjende att eit bilet av Eystein på Marits skrivebord. «Da ble det slutt».

Slik florerte angiveriet og folkedomstolen i vårt kvite fedreland. Men du finn lite om det i historiebøkene. Elles er det ikkje måte på!

Eggens vesle bruk handlar djupast sett om korleis NS-folk, og etterkommarane i fleire ledd heldt hemmeleg fortida. «Taushetens arv» som han så treffsikkert definerer det. «Embret fortalte aldri sine barn om NS... Jevnaldringen min, Guðmund, fikk vite... det av eldre søskan da han var godt over 20 år. Helge Fjugstad skrev alt om sin oppvekst unntatt at han var NS-barn.»


Harald Ofstad skreiv «store verk om nazismens forkat for svakhet, uten å nevne at hans egen far hadde vært politiør-spektør og NS».

Atten andre endra namn for å få ein betre sjanse, ikkje minst for etterlekta.

NS-dotrene, generaliserer Eggens, har blitt ståande i ein ufullbyrda pubertet. Ei kjend kvinne frå TV-skjermen trur kanskje framleis at Jesus var NS, som då mor og far sat inne. Då ho var ellevje, var ho «den evige dame, passe sky, passe tekkelig.. Det var som «om hun hadde levde sine somre for lenge, lenge siden».

På helsa laus

Mange av mødrene flokka seg omkring Marie Hamsun, leiar



og stridkvinnen som stod rank og sterkt etter at Maria Quisling og Olga Bjonér hadde skidd ned i apatiens skyggleland.

Marie Hamsun protesterte mot at etterkrigsgenerasjonane av NS blei lert opp til å ringeakte foreldra og besteforeldra, slik dei blei framstilt som fien- den, landssvikaarar og alt som gale var.

Slik skaper konfliktar i barnesinnet som går på helse og karakteren laus. Kva gjeld mannlege NS-etterkrigsgenerasjonar, seier Eggen, har mange, under militærteneste i forsvarset, meint at dei tenest gjorde i fiendens hær.

Store bondeslektar står sentralt i denne vesle boka, som til dømes begge foreldreslektene. Faren Egil, filologistudent sidan 1936, kom frå Tolga, mor Liv, frå Ålen i Sør-Trøndelag. Både stader stod NS sterkt. I foreldremiljøet stod redsla for den gudlause kommunismen sentralt; dei feira Oslo, drog til Stiklestad, barna las Snorre og ikkje Donald, var fiendslege til det framande frå Hollywood – vel ein ei omskriving for verdsjødedommen – og Sovjet. Vår norske eigenart sat i høgeset, blei hegna om. I mørnsåsen på kårstova i Tolga, dit Liv og Eystein sökte tilflukt då dei blei jaga frå Gimle, var årstalet 1697 skåre inn. Tolga-lensmannen var det som konstaterte at om dei «skulle arrestere alle NS i Tolga, ville buskapen styre på båsen».

Nann går att

Tilsvarande var det i Ålen, «en bygd hvor Arbeiderpartiet hadde evenveldig makt». Berre Valle i Setesdalen var meir NS enn Tolga. I dalbotnen låg Rike-gardane, der kvar fjerde person over 14 år var medlem.

Eit anna fenomen er namn som går att. Holm Holmsen t.d. i Enebakk på 1600-talet, gav namn til mange seinare NS, mellom andre til leiaren i Aurskog. Der i bygda var folket på 35 av 45 gardar på meir enn 200 mål NS. Etterkomrarar

med samme namnet, og med same slags grunnhaldningar, forgreina seg over store delar av det indre Austlandet. Det mest utrulege er at det var dei som oppnådde come-back etter krigen. Ein slik var Paal Autrust i Lom. Ikke berre hadde han vore NS og ordførar under krigen, han uttalte då han sat i tengsel, at «det vert gilde tider no som danskeprisen og dei andre rømlingane er komme heim att frå London.» Men, ordførar blei han igjen, i 1951, fleirtalet ville det slik.

Bondearistokratiet

Då Arbeiderpartiet under førre EU-kampen sende landbruksministeren sin til Landbruks-høgskulen på Ås, árvara han formannen i Studentarsamfunnet, Per Olaf Lundteigen, mot udemokratiske krefter. Det var då Eggen repliserte: «Heller en småkonge i hver fjelldal enn en keiser på Youngstorget», til

ståande applaus.

Og avisas Gudbrandsdølen får truleg igjen sanne under den av Gro maktfastsette røystedatoen kommande november kor feil bladet tok etter krigen då det trudde at bondearistokratiet for alltid kunne ha tapt si makt.

Men bondearistokratiet er sjølv sagt ikkje synonymt med sjølvbønder, slik ein elles får inntrykk av frå ja-hald. Vi får elles vite at Lundteigen «var barn av hjemmefrontene», og at målet var å «bevare flest mulig småbruk».

Erling Bjørnson frå Aulestad, stortingsrepresentant frå Bondepartiet, gjekk til NS i motvilje mot «den engelskvennlige shipping og det moderne bysamtun»). Broren Bjørn tona ikkje flagg denne gong, sjølv om han var protysk førre gong. Gift med ei tysk jødinne som han var, tok han seg i staden over til Sverige.

Dommane

«Da far kom hjem fra fengsel», blei milepæler for mange NS-barn. Ikke så for Brit, som var både NS-barn og tyskarunge. Dei hadde det aller verst, noko bokmeldaren kan underskrive. Som offiser i okkupasjonsmakta i Tyskland hugsar eg

med gru kva mange «tyskartøser» frå Trøndelag og Nord-Noreg, som vitja slektingar i bataljonen, kunne fortelje. Det store taparåret (1945) slutta elles med at elleve blei dømde til døden i Nürnberg, les vi, og like mange i Trondheim, som seier alt om prosjeksjonane i hemnoppgjaret. Det er vi samde i.

Boka fortel om slike som vandra inn og ut ved psykiatriske institusjonar. Forfattaren mør var ei. Vidare om frontkjemparar o.a. som tok sitt eige liv.

Siggen til dømes. I si tid var han den einaste i Skijegerbataljonen «uten hår på pikken». Etter eit par halvliterar tornya han gjerne faneideen og sette på seg Jernkorset – før han (1971) tok sitt eige liv. Det var dei i Kompani Linje som gjorde det same. Kvifor veit vi ikkje altid. Men det kan ha samanheng med «likvideringar».

Drapet på Fiane

Vi vel å avslutte med ei likvidering som vekte undring og oppsikt i Milorg-krinsar den gong. Boka fortel om drapet på Knut Knutson Fiane, og hevdar at «gjerningsmannen var Jens Chr. Hauge og senere generaldirektor Stokke i NSB, og at årsaken var at mannen (Fiane) jobbet i Telegrafverket og kleivte for mye til konkurranser med England».

Av statskalenderen for 1940 skjønar eg at juristen (og aynorskemannen) Fiane og Stokke må ha kjent kvarand godt, då begge blei tilsett som kontorsjefar i telegrafstyret i 1939. Frå annan historielitteratur veit vi at professor i historie ved Sorbonne, François Kersaudy hevdar at «det framleis er mykje vi ikkje veit om denne mysteriøse mannen (Haakon 7) og at den som får tilgjenge til arkiva vedorer han, vil kunne skrive ei heilt ny historieframstilling (om forspillet til 9. april, «Samarret» med Storbritannia osb.)

Kan det vere den slags løyndommar Fiane kjende til? Eller gjeld den engelske lova også i Noreg at «The King can do no wrong»? Dei ansvarlege – og slik kjem kansje Hauge inn som øvre Milorg-leiar – har vel sine grunnar. Men få dei på bordet! Har det ikkje vore lova heilt opp i Stortinget at «likvideringane» under krigen skal bli gjort greie for? Eg rettar det spørsmålet til visepresident Grinstad, han som endeleg har sørgt for at Stay Behind, politisk overvakning m. m. skal granskast, og som kjenner til skuldingane i høve «likvideringa» av Knut Knutson Fiane.

Nok kan vi spørje om det er meining i å ta opp slikt, så lenge etterpå Svaret er vilkarslaust ja. Historieskriving etter «utsømstoden» er dessutan udemokratisk – om demokratiet alltid er det beste då, og historie er det ikkje. *Stein Blindheim*